

Miljeteig: Marknad for hjortepølse

26.01.2011



Kurt Eivind Miljeteig lagar pølser. (Foto: Otto Ersland)

**Bjørg Inga Miljeteig trur det er ein marknad for lokal hjortepølse.
Matprodusenten på Friheim gjev uttrykk for det i Kvinnheringen**

i samband med at rådmannen har fått i oppdrag å utgreia eit prosjekt med slik produksjon.

Ordførar Synnøve Solbakken hadde ideen og saka var oppe i siste formannskapsmøte. Ho vart støtta av mellom andre Torfinn Myklebust frå Uskedalen.

Bjørg Inga og mannen Knut Eivind lager i dag spekepølse av hjortekjøt og det har vorte eit populært og etterspurtt produkt. Men det vert stilt strenge krav til produksjonen. Matilsynet må stempla det før det blir lagt ut til sal.

60.000 kilo kjøt vart resultatet av jakta i fjor der Kvinnherad sette ny Norgesrekord. Men det er berre kjøt av skotsk hjort i daglegvarebutikkane. Det er mest uråd for folk flest å få tak i lokalforedla hjortekjøt og det har forundra mange..

Prosjektet krev eit godkjent slakteri. Ordføraren held fram at kommunen sitt næringsfond kan vera ein støttespelar. Men ho innrømmer at mykje må på plass hvis prosjektet skal bli ein realitet.

Det er tydelegvis ein lang veg å gå. Til dømes har slakterieigar Magne Ljostveit erfara at det ikkje var lønsamt å driva slik produksjon då prisen på pølsene vart som på indrefilet.

Av Ola Matti Mathisen